




VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret
6100 VOLDA

Det Kongelege Kommunal og Regionsdepartement
Postboks 8112 Dep.

0032 Oslo



VOLDA, 11.01.05

Vår ref
PEL-04/03080

Løpenr.
000217/05

Arkivkode
020

Dykkar ref.

MELDING OM POLITISK VEDTAK - NOU 2004: 19 LIVSKRAFTIGE DISTRIKTER OG REGIONER (DISTRIKTSKOMMISJONEN) HØYRINGSFRÅSEGN

Vi melder med dette frå at FORMANNSKAPET den 10.01.05 hadde føre ovannemnde som sak 0002/05, der det vart gjort slikt førebels vedtak.

Saka skal slutthandsamast i kommunestyret den 03.02.05, og då sender vi Dykk det endelege vedtaket

1. *Volda kommune sluttar seg til dei mål og strategiar som ein samla Distriktskommisjon står bak. Regionalpolitikken må vere tilpassa føresetnadene og behova i den enkelte region. Ein målretta distriktspolitikk må kome i tillegg til regionalpolitikken.*
2. *Innanfor dei ulike sektorane (pkt. 7.4.3) vil Volda kommune:*
 - a) *Tilrå at prinsippet om "vern gjennom fornuftig bruk" vert lagt til grunn som forvaltningsprinsipp i verneområde, og at det vert opna for regionale tilpassingar og prioriteringar innanfor arealvern og bruk av arealressursar.*
 - b) *Støtte mindretalet sitt framlegg som peikar på at rovdyrpolitikken i større grad enn i dag må ivareta bygdene sine behov for å utnytte lokale utmarksressursar.*
 - c) *Støtte dei samrøystes tilrådingane på landbruk, men gå mot forslag til omdisponering av landbruksstøtte slik eit fleirtal i distriktskommisjonen går inn for. Eventuelle reduksjonar i det samla produksjonstillegget til landbruket, for eksempel som følgje av nye internasjonale reglar, bør kanaliseras til landbruk og bygdeutvikling.*
 - d) *Det skal framleis leggjast til grunn at Noreg skal føre ein nasjonal fiskeripolitikk, utan regionalisering når det gjeld kvotar med vidare. Råfisklova og deltakarlova bør oppretthaldast og vidareutviklast.*
 - e) *Støtte dei samrøystes/fleirtalstilrådingane innanfor sektorane reiseliv, elektrisk energi, industri, petroleum, tenesteytande "nye" næringar og lokalisering av offentleg verksemd. Lokalisering av statlege, regionale og kommunale arbeidsplassar bør brukast aktivt for å tilføre lokalsamfunn og regionar nye utviklingsressursar i form av areidsplassar, kompetanse og fagmiljø.*
 - f) *Volda kommune støttar tilrådingane i høve auka innovasjon og nyskaping (pkt. 7.4.4). Ein vil særskilt påpeike det viktige i å vidareutvikle høgskulane og dei regionale forskingsmiljøa og å sikre grunnlag for ein entreprenørskapskultur på alle trinn i utdanningsløpet. Volda kommune støttar Distriktskommisjonen si samla tilråding i høve kapitaltilgang i distrikta.*

Postadresse:	Telefon:	Telefaks:	Org. nr.	939 760 946
Stormyra 2	70 07 88 02	70 05 87 01	Postgiro skatt	0827.5915190
6100 VOLDA	(dir.innval til saksh.)	70 05 87 51	Bankgiro	3991.07.81727
		70 05 88 71		
Gateadresse:		70 05 88 56		
Stormyra 2		70 05 87 91		

VOLDA KOMMUNE

Volda kommune

6101 VOLDA

- g) *Volda kommune støttar fleirtalstiltrådingane i pkt. 7.4.5 og vil spesielt understreke kravet om å få balanse i kommuneøkonomien. Inntektsystemet til kommunane må ta utgangspunkt i at distriktskommunar skal kompenseras for ekstra kostnader i høve demografi og avstand. Alle kommunar bør framleis vere generalistkommunar, men kan spesialisere seg gjennom samarbeid om oppgåveløysing.*
- h) *Volda kommune støttar dei samrøystes tilrådingane i høve samferdsle og annan infrastruktur (pkt. 7.4.6), og vil spesielt understreke at det offentlege må ta ansvar for å få bygd ut IKT-infrastruktur i heile landet. Ferjene må på sikt bli gratis.*
- i) *Volda kommune støttar fleirtalet sine tilrådingar i høve geografisk differensierte verkemidlar (pkt. 7.4.7) og vil spesielt påpeike Distriktskommisjonen og Effektutvalet sine tilrådingar om at den smale distriktpolitikken må tilførast meir økonomiske ressursar.*
3. *Volda kommunestyre vil vente med å gje ein endeleg uttale av det som gjeld framtidig fylkes- og kommunestruktur, oppgåvefordeling, maktfordeling/regionalisering innan fristen for 2. høyringsrunde (okt. 2005).*

Vedlagt følgjer vedtaket frå formannskapet m/behandling

Med helsing

Volda kommune, Servicekontoret

Anne-Karin Egseth

Anne-Karin Egseth

sekretær

Saksprotokoll

Utval: FORMANNSKAPET
Møtedato: 10.01.05
Sak: 0002/05

Arkivsak: 04/03080
Tittel: NOU 2004: 19 LIVSKRAFTIGE DISTRIKTER OG REGIONER
(DISTRIKTSKOMMISJONEN) HØYRINGSFRÅSEGN

Tilråding til kommunestyret:

1. *Volda kommune sluttar seg til dei mål og strategiar som ein samla Distriktskommisjon står bak. Regionalpolitikken må vere tilpassa føresetnadene og behova i den enkelte region. Ein målretta distriktpolitikk må kome i tillegg til regionalpolitikken.*
2. *Innanfor dei ulike sektorane (pkt. 7.4.3) vil Volda kommune:*
 - a) *Tilrå at prinsippet om "vern gjennom fornuftig bruk" vert lagt til grunn som forvaltningsprinsipp i verneområde, og at det vert opna for regionale tilpassingar og prioriteringar innanfor arealvern og bruk av arealressursar.*
 - b) *Støtte mindretalet sitt framlegg som peikar på at rovdyrpolitikken i større grad enn i dag må ivareta bygdene sine behov for å utnytte lokale utmarksressursar.*
 - c) *Støtte dei samrøystes tilrådingane på landbruk, men gå mot forslag til omdisponering av landbruksstøtte slik eit fleirtal i distriktskommisjonen går inn for. Eventuelle reduksjonar i det samla produksjonstillegget til landbruket, for eksempel som følgje av nye internasjonale reglar, bør kanaliseras til landbruk og bygdeutvikling.*
 - d) *Det skal framleis leggjast til grunn at Noreg skal føre ein nasjonal fiskeripolitikk, utan regionalisering når det gjeld kvotar med vidare. Råfisklova og deltakarlova bør oppretthaldast og vidareutviklast.*
 - e) *Støtte dei samrøystes/fleirtalstilrådingane innanfor sektorane reiseliv, elektrisk energi, industri, petroleum, tenesteytande "nye" næringar og lokalisering av offentleg verksemd. Lokalisering av statlege, regionale og kommunale arbeidsplassar bør brukast aktivt for å tilføre lokalsamfunn og regionar nye utviklingsressursar i form av areidsplassar, kompetanse og fagmiljø.*
 - f) *Volda kommune støttar tilrådingane i høve auka innovasjon og nyskaping (pkt. 7.4.4). Ein vil særskilt påpeike det viktige i å vidareutvikle høgskulane og dei regionale forskingsmiljøa og å sikre grunnlag for ein entreprenørskapskultur på alle trinn i utdanningsløpet. Volda kommune støttar Distriktskommisjonen si samla tilråding i høve kapitaltilgang i distrikta.*
 - g) *Volda kommune støttar fleirtalstilrådingane i pkt. 7.4.5 og vil spesielt understreke kravet om å få balanse i kommuneøkonomien. Inntektsystemet til kommunane må ta utgangspunkt i at distriktskommunar skal kompenseras for ekstra kostnader i høve demografi og avstand. Alle kommunar bør framleis vere generalistkommunar, men kan spesialisere seg gjennom samarbeid om oppgåveløysing.*
 - h) *Volda kommune støttar dei samrøystes tilrådingane i høve samferdsle og annan infrastruktur (pkt. 7.4.6), og vil spesielt understreke at det offentlege må ta ansvar for å få bygd ut IKT-infrastruktur i heile landet. Ferjene må på sikt bli gratis.*

i) Volda kommune støttar fleirtalet sine tilrådingar i høve geografisk differensierte verkemidlar (pkt. 7.4.7) og vil spesielt påpeike Distriktskommisjonen og Effektutvalet sine tilrådingar om at den smale distriktspolitikken må tilførast meir økonomiske ressursar.

3. *Volda kommunestyre vil vente med å gje ein endeleg uttale av det som gjeld framtidig fylkes- og kommunestruktur, oppgåvefordeling, maktfordeling/regionalisering innan fristen for 2. høyringsrunde (okt. 2005).*

Behandling:

Volda Frp v/Jon Georg Dale kom med fylgjande framlegg:

1. *Volda kommune meiner at det ikkje er ynskeleg med tre forvaltningsnivå i Norge, og støttar slik mindretallet i Distriktskommisjonen.*
2. *Volda kommune ynskjer ei nedlegging av fylkeskommunen, og at oppgåvene til dagens fylkeskommune vert fordelt mellom stat og kommune.*

Volda AP v/Gunnhild Humberstet kom med fylgjande framlegg:

Volda kommunestyre vil vente med å gje ein endeleg uttale av det som gjeld framtidig fylkes- og kommunestruktur, oppgåvefordeling, maktfordeling/regionalisering innan fristen for 2. høyringsrunde (okt. 2005).

Ordføraren kom med fylgjande framlegg:

1. *Volda kommune sluttar seg til dei mål og strategiar som ein samla Distriktskommisjon står bak. Regionalpolitikken må vere tilpassa føresetnadene og behova i den enkelte region. Ein målretta distriktspolitikk må kome i tillegg til regionalpolitikken.*
2. *Innanfor dei ulike sektorane (pkt. 7.4.3) vil Volda kommune:*
 - a) *Tilrå at prinsippet om "vern gjennom fornuftig bruk" vert lagt til grunn som forvaltningsprinsipp i verneområde, og at det vert opna for regionale tilpassingar og prioriteringar innanfor arealvern og bruk av arealressursar.*
 - b) *Støtte mindretallet sitt framlegg som peikar på at rovdyrpolitikken i større grad enn i dag må ivareta bygdene sine behov for å utnytte lokale utmarksressursar.*
 - c) *Støtte dei samrøystes tilrådingane på landbruk, men gå mot forslag til omdisponering av landbruksstøtte slik eit fleirtal i distriktskommisjonen går inn for. Eventuelle reduksjonar i det samla produksjonstillegget til landbruket, for eksempel som følgje av nye internasjonale reglar, bør kanaliseras til landbruk og bygdeutvikling.*
 - d) *Det skal framleis leggjast til grunn at Noreg skal føre ein nasjonal fiskeripolitikk, utan regionalisering når det gjeld kvotar med vidare. Råfisklova og deltakarlova bør oppretthaldast og vidareutviklast.*
 - e) *Støtte dei samrøystes/fleirtalstilrådingane innanfor sektorane reiseliv, elektrisk energi, industri, petroleum, tenesteytande "nye" næringar og lokalisering av offentleg verksemd. Lokalisering av statlege, regionale og kommunale arbeidsplassar bør brukast aktivt for å tilføre lokalsamfunn og regionar nye utviklingsressursar i form av areidsplassar, kompetanse og fagmiljø.*

f) Volda kommune støttar tilrådingane i høve auka innovasjon og nyskaping (pkt. 7.4.4). Ein vil særskilt påpeike det viktige i å vidareutvikle høgskulane og dei regionale forskingsmiljøa og å sikre grunnlag for ein entreprenørskapskultur på alle trinn i utdanningsløpet. Volda kommune støttar Distriktskommisjonen si samla tilråding i høve kapitaltilgang i distrikta.

g) Volda kommune støttar fleirtalstilrådingane i pkt. 7.4.5 og vil spesielt understreke kravet om å få balanse i kommuneøkonomien. Inntektsystemet til kommunane må ta utgangspunkt i at distriktskommunar skal kompenseras for ekstra kostnader i høve demografi og avstand. Alle kommunar bør framleis vere generalistkommunar, men kan spesialisere seg gjennom samarbeid om oppgåveløysing.

h) Volda kommune støttar dei samrøystes tilrådingane i høve samferdsle og annan infrastruktur (pkt. 7.4.6), og vil spesielt understreke at det offentlege må ta ansvar for å få bygd ut IKT-infrastruktur i heile landet. Ferjene må på sikt bli gratis.

i) Volda kommune støttar fleirtalet sine tilrådingar i høve geografisk differensierte verkemidlar (pkt. 7.4.7) og vil spesielt påpeike Distriktskommisjonen og Effekttvalet sine tilrådingar om at den smale distriktpolitikken må tilførast meir økonomiske ressursar.

Røysting:

Det vart fyrst røysta over Frp sitt framlegg. Det fekk 2 røyster og fall. 7 røysta mot.

Det vart røysta punktvis over ordføraren sitt framlegg.

Pkt. 1 fekk 7 røyster og vart vedteke. 2 røysta mot.

Pkt. 2 a fekk 6 røyster og vart vedteke. 3 røysta mot.

Pkt. 2 b fekk 5 røyster og vart vedteke. 4 røysta mot.

Pkt. 2 c fekk 6 røyster og vart vedteke. 3 røysta mot.

Pkt. 2 d fekk 6 røyster og vart vedteke. 3 røysta mot.

Pkt. 2 e fekk 6 røyster og vart vedteke. 3 røysta mot.

Pkt. 2 f fekk 6 røyster og vart vedteke. 3 røysta mot.

Pkt. 2 g fekk 6 røyster og vart vedteke. 3 røysta mot.

Pkt. 2 h fekk 6 røyster og vart vedteke. 3 røysta mot.

Pkt. 2 i fekk 6 røyster og vart vedteke. 3 røysta mot.

Det vart røysta over AP sitt framlegg. Det vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta over administrasjonen si tilråding samla. Det fekk 0 røyster og fall.